

Å stille spørsmål som fremmar engasjement, refleksjon og argumentasjon i samfunnsfaga

av Hanne Egenæs Staurseth, Ph.d-student ved Lesesenteret, UiS

Eit vanleg startpunkt for akademikarar, vere seg historikarar, samfunnsvitarar, sosiologar, geografar, kriminologar eller filosofar, er eit pirrande spørsmål eller eit overhengande problem dei vil undersøkje. For å undersøkje dette både les og skriv dei. Med andre ord har dei ein grunn og ei retning for det dei les og skriv.

Elizabeth Birr Moje skriv følgjande om spørsmåla fagfolk stiller seg:

When one strips away the technical language and disciplinary discourse, it is evident that the questions asked by mathematicians, historians, natural scientists, and literary theorists are quite similar to the questions of very young children in the sense that they are questions of wonder about how the world and society work. (Moje, 2015, s.259-260)

Ho skriv vidare at utan eit slikt drivande spørsmål, vil det vere liten vits i å engasjere seg i lesinga og skrivinga av di aktivitetane då blir utan retning. Slik er det for elevane òg. Som lærande individ, er både fagfolk og elevar menneske med fantasi, nyfikne og interesser. Moje meiner difor at dei gode spørsmåla bør vere ekte spørsmål, som både stimulerer interessa, pirrar nyfikna og dessutan evnar å drive ei undersøking: Ein tilpassa versjon av eit reelt spørsmål som kunne vore stilt i disiplinen. Og altså noko meir enn eit spørsmål frå lærar eller læreboka sin plan som kan bli svart på med ei setning eller to.

Korleis kan dette sjå ut i samfunnsfaga?

For å synleggjera korleis dette kan sjå ut i samfunnsfaga, vil vi sjå til eit døme frå historiefaget, til eit amerikansk utviklingsprosjekt frå Stanford History Education Group, som set historiske spørsmål i kjernen av undervisninga. Prosjektet heiter «Reading like a Historian»¹, og kan vise til svært gode resultat både på lesing/skriving og på elevars faglege prestasjonar gjennom intervensionsstudie (Reisman, 2012). Når vi her ser til historie er det som eit døme med mange kvalitetar som er relevant i dei andre samfunnsfaga òg (som å sjå til fleire tekstar for fleire perspektiv).

I «Reading like a Historian» blir elevane engasjerert i historiske undersøkingar. Kvar time dreier seg om eit sentralt historisk spørsmål som elevane skal utforske gjennom eit sett av primærkjelder tilrettelagte for ulike leseferdigheiter. I staden for å hugse historiske fakta, skal dei evaluere kor påliteleg ulike perspektiv på eit historisk problem er, og lage historiske påstandar støtta av bevis frå kjeldene. Gjennom opplegget lærer elevane å utforske ved å bruke lesestrategiar som å sjekke kjelder, kontekstualisere og samanlikne opplysningar på tvers av kjeldene. Stort sett følgjer timane denne strukturen:

1. Etablere bakgrunnskunnskap for utforskinga som rammer inn det sentrale historiske spørsmålet, og motivere elevane til å utforske dokumenta dei får utdelt.

¹ For å lese meir, eller bla i undervisningsopplegg, sjå nettstaden: <https://sheg.stanford.edu/history-lessons>

2. Elevane les dokumenta som omhandlar det sentrale spørsmålet, og jobbar med dei med støtte frå oppgåver. Dei fleste timane set i spel to eller fleire tekstar med motstridande perspektiv.
3. Heilklassediskusjon om det sentrale spørsmålet der elevane får moglegheit til å utøve historisk tenking, formulere påstandar og forsvere dei med bevis frå tekstane. I desse diskusjonane ser elevane at historie har fleire tolkingar, og at same beiset kan støtte ulike, og motstridande, påstandar. Denne delen er derfor sett på som viktigare enn å lese veldig mange kjelder.

Kva slags spørsmål blir teke opp?

Skal ein setje spørsmål i kjernen av undervisninga, blir det viktig å tenke gjennom kva slags spørsmål ein tek opp. Nokre døme frå «Reading like a Historian» er:

- Korleis forstod folk på 1300-talet Svartedauden?
- Var «den mørke middelalder» (400-1400 e.Kr) ei mørk tid? Var det ei tid for kulturelt forfall og nedgang?
- Historikarar og arkeologar har debattert i årevis – Blei pyramidane bygd av slavar?
- Korleis klarte Nazipartiet å overtyde 99% av tyskarane til å stemme for annekteringa av Østerrike?
- I tiår har historikarar vore ueinige: Kven starta den kalde krigen, USA eller Sovjetunionen?

Også Heather Lattimer (2008) argumenterer for at emneinnrammande, essensielle spørsmål kan støtte elevar mot større eigarskap av historisk forståing. Ho set opp følgjande liste over kva element essensielle spørsmål i samfunnsfag bør innehalde:

1. *Spørsmåla adresserer dei store ideane i historie/samfunnsfag.*
Spørsmål som tek opp dilemma eller adresserer omtvista konsept som historikarar eller samfunnsvitarar sjølv strevar med.
2. *Spørsmåla har meir enn eit akseptabelt svar.*
Spørsmål med mange lag. Å diskutere slike spørsmål leier ofte til fleire nye spørsmål, krev fleire perspektiv og oppmuntrar til multiple, nyanserte responsar.
3. *Forbinder fortida til notida.*
Mange dilemma og utfordringar ein stod overfor før i tida liknar dei ein står overfor no, noko spørsmål som t.d. «Bør det finnast ei grense for personleg fridom?», kan synleggjere.

Kva spørsmål ein skal stille, må sjølv sagt bli tilpassa kva for eit samfunnsfag ein underviser i, kva slags emne ein skal i gang med, og kva for funksjon spørsmålet skal ha i emnet ein skal i gang med. Andre typar spørsmål som kan engasjere i samfunnsfag kan vere:

- Korleis kunne raud-grøn side tape valet (i 2017) når dei hadde flest stemmer? Og kvifor blei partiet med aller flest stemmer (AP) omtala som den store taparen i valet?
- Løyse eit historisk problem: t.d. Ultimatumet Kongen fekk i Kongens Nei. Kva burde Kongen gjere?
- Påstandar: t.d. Strengare straffar vil føre til mindre kriminalitet.
- Kva skjer viss?, t.d. havet stig med 30 cm?
- Kva om?, t.d. det var me som måtte flykte?, jf. Janne Teller si bok: Om det var krig i Norden
- Kva tyder det for meg?, t.d. om det ikkje var meir olje igjen?

Spørsmåla over er av ulik art, men har til felles at dei gjennom konkrete problematikkar og dilemma nærmar seg store, faglege og abstrakte idear. Slike kjernefaglege idear har kraft til å forklare fenomen utover det konkrete spørsmålet, men er ofte formulert abstrakt og livlaust, og kan derfor verke uinteressant, forvirrande eller irrelevant for ein som ikkje har forståinga som trengst for å gripe signifikansen dei har i faget. Utfordringa er å gjere slike store og vitale idear i feltet store og vitale også i elevenes hovud. Til det kan pirrande spørsmål vere eit nytig verktøy.

Kjelder:

- Lattimer, H. (2008). Challenging history: Essential questions in the social studies classroom. *Social Education*, 72(6), 326–329.
- Moje, E. B. (2015). Doing and teaching disciplinary literacy with adolescent learners. *Harvard Educational Review*, 85(2).
- Reisman, A. (2012). Reading Like a Historian: A Document-Based History Curriculum Intervention in Urban High Schools. *Cognition and Instruction*, 30(1), 86–112.